



Kor og solistar ga alt på scenen, og etter avslutningsnummeret var det berre smil og glede.

Trefte publikum med klassiske perler

Salen i Storfjord Kulturhus var nesten fullsett under konserten «Perleporten – openbert klassisk». Ved utgangen vanka det klapp på skuldra og gode ord til aktørane frå alle hald.

Av Atle Hole

– Dette gav meirsmak. Vi har øvd sidan januar. I tillegg har vi hatt fire fellesøvingar pluss ei øvingshelg. Det gir utruleg inspirasjon, ja, eit løft, å få jobbe med så proffe folk. Og heldigvis kom publikum, der har begge kora gjort ein bevisst jobb, seier ein oppglødd dirigent, Elise Gjerde, like etter konserten er over.

Det var i fjor haust Strandakoret og Valldal Songlag melde seg som interesserte lokale kor til ein landsomfattande turné med opera, operettar og folkemusikk på pro-

grammet. Solistane Helga Botn (Volda), Arnhild Vik (Sykkylven), Dian Georgiev (Russland) og den kvinnelege strykekvartetten Charmina, stod for den profesjonelle delen.

Variert konsert

Det aller meste som vart framført var kjende perler – akkurat som annosert. I tillegg var dei innom norsk folkemusikk av karar som Geirr Tveitt, Harald Sæverud, Nordahl og Edvard Grieg.

Operaverda er full av hat, lidenskap, kjærleik og sjalusi. Andre framføringar av humor og komikk. Sjølv om ikkje publikum skjønna orda når rusaren med den store stemmeprakta (Georgiev) song om å elske og lide på russisk, skjønna dei likevel innhaldet gjennom mimikk og kroppsspråk. Dei to «lokale» (Vik og Botn) stod fram som proffe aktørar på sine felt, ved sida av at dei pleia informasjonen til publikum på beste måte. Vi fekk vere med på

ei lang gjennom det meste av Europa, innom Argentina, før den slutta på Broadway.

Flinke kor

Storkoret opna med Viva Tutte le Vezzose. Deretter meir kjende Gabriellas Song med Valldal Songlag sin dirigent Arnfinn Dalhaug på piano. Høgdepunkta for mange var likevel dei to fellesnumera. Kjende stykke som Torreador Marsj og Slavekoret frå La Traviata hausta stor fagnad frå publikum.

Konserten varte like lenge som ein fotballkamp. Slike plar ha sine daudpunkt når aktørane kjem frå stader som Volda og Sykkylven. I Stranda Kulturhus fredag var det langt frå slik. Her var det kvalitet i samfulle 90 minutt pluss tilleggstid.

Solist Helga Botn som soldat.

